

# Protokoll årsmøte 2021

Dato: 29.11.21

Leiar: Monica Nesheim	x
Nestleiar: Tor Olav Gregersen	x
Sekretær: Lisa Leknes	x
Kasserar: Peder Lærdal	x

Styremedlem: Christian Eikeland Styremedlem: Thomas Rødde x  
Fråvær: Christian Eikeland

Stad: Kjøkkenet på Vats skule

Elles møtte: Gaute Solheim, Jakob Eskeland

## Saksliste:

1. **Godkjenning av innkalling**
2. **Godkjenning av saksliste**
3. **Val av ordstyrar** – Monica Nesheim
4. **Val av referent** – Lisa Leknes
5. **Val av to personar som skriv under på protokoll** – Gaute Solheim, Jakob Eskeland
6. **Godkjenning av årsmelding Vats grendalag**
7. **Godkjenning av rekneskap Vats grendalag:**
  - Det minnes om øyremerka midlar til reguleringsplan.
8. **Val og valnemnd:**

Valnemnda: Peder Stokka, Christine Sandvik, Torunn Blikra

Valnemnda går gjennom valnemndas innstilling til nytt styre, og fylgjande personar blir velt inn i styret av årsmøtet:

Tore Nordtveit, for Thomas Rødde - 2 år.

Lisa Leknes tek gjenval - 1 år.

Ettersom Thomas og Lisa begge har vore med i to år, blir desse to verva delt i 1 års periode og 2 års periode. Lisa står 1 år til, og nytt styremedlem kjem inn for 2 år. Det for å rette opp i skeivheita som blei til i koronatida, slik at det framover blir tre nye på val og tre som bli sittande kvart år. Varamedlemmene sitt eit år til.

Styret konstituerte seg sjølv i fyrste møte etter årsmøte 2020, og har i 2021 sett slik ut:

Leiar: Monica Nesheim, på val (tek gjenval 2 år)  
Nestleiar: Tor Olav Gregersen, på val (tek gjenval 2 år)  
Styremedlem: kasserar: Peder Lærdal, 1 år igjen  
Styremedlem, sekretær: Lisa Leknes, (tek gjenval 1 år)  
Styremedlem: Thomas Rødde, på val  
Styremedlem: Christian Eikeland, 1 år igjen

1 vara: Stine Therese Nilsen 1 år

2 vara: Jakob Eskeland 1 år

Ny valnemnd blir lest opp og godkjent av årsmøtet, dei tre siste som gjekk ut; Thomas Rødde, Peder Stokka og Christine Sandvik.

#### 9. Orienteringssaker frå grendalaget:

**Blomsterprosjektet** - Grendalaget har i år jobba med å få Vats til å vise igjen for gjennomstreifande. Det har me valt å nytta det årlege blomsterprosjektet til, og kjøpt inn rododendron som er planta i øvre og Nedre Vats. Det er elles samla inn påsketulipanlauk, som er blitt planta langs vegen i Øvre Vats i innkjørsla til Joker/Velde maskin, og langs gangstien mellom Kårhus og Vindafjordtunet. Me vonar dette er starten på ei vidare satsing, som eit årleg prosjekt.

**#VatsOn** - Me starta ein # for å skape blest om det som skjer i bygda, og å fronte positivitet. Dette blei ekstra viktig i koronaåret. Det største tilskotet var «Den store påskeeggjakta» som blei halden i Påsken, med bidrag frå næringslivet til premiar. Med ei notering på til saman nesten 2000, vil me sei det var ein suksess, og at stort og smått tok turen ut i alt slags vær gjennom påsken. Suksessen var nok litt ekstra stor, i og med at mange ikkje kunne reise vekk denne påska. Håpar dette er noko me kan få til vidare også.

**Kommuneplanen rullerar** - Her er det arbeidd med å aktivt opplyse om at me som innbyggjarar må kome med innspel til denne, og det blei halde folkemøte med workshop saman med kommunen. Håpar det er kome inn mange nyttige og konstruktive innspel til denne.

**Vindafjord kulturhus** – Arbeid etter at det brann ned. Grendalaget har hatt dialog med styret i Vindafjordhallen gjennom året. Ettersom saka om kva som skal byggjast opp att etter brannen, ikkje har hatt ei tydeleg avklaring, har denne saka dukka opp som sak heile tre gonger. Kommunedirektøren har spelt inn saka i ulike «innpakningar» til kommunestyret, og no sist oppstod det usemje kring spørsmålet om kva som skal byggjas. Likevel vart det også tredje gongen, med eit litt knapt fleirtal, vedteke oppstart av prosjektering av ny symjehall og bygdehus.

**Skulebruksplan:** Ny skulebruksplan blei utsett. No nærmar det seg oppstart på denne. Me ser det som positivt at det er kjøpt opp areal kring skulen, no før dette arbeidet skal til. FAU på Vats skule har arbeidd med balansepark, som blei ferdig i vår. Slik balanseparken er plassert, kan det tenkjast at den blir tilgjengeleg også for ein framtidig ny skule. Her bidrog grendalaget med «konto» for innsamling av midlar. Kjekt å sjå at denne kom på plass. Samstundes som det kom på plass balansepark, blei det også gjort eit godt stykke arbeid med kantstein og asfalt på uteområdet. Dette har gitt ei kraftig opprusting til eit sårt tiltrengt løft.

**Flytebrygge** - Eit tilskot til badestranda på Stokka. Her er midlane på plass, og brygga ligg klar for henting. Me håpar denne er på plass og klar for alle badande til våren. Takk til AF Decom, Hatteland gruppen, Innvær Mur og Betong, Knapphus Kjøkkensenter og Krakk Transport!

**Hengebrua i Øvre Vats** - Her har det vore dialog med grunneigarar, om korleis ein skal kunne utbetre denne. Arbeid med å finne ei løysing er i gong.

**Turstiane til John Olav** - John Olav har teke kontakt med grendalaget for å finne ei løysing på korleis arbeidet med å skilte nye stiar og halde dette i hevd, kan drivas i framtida. Her er me ikkje kome i gong, men skal samarbeide med John Olav for å finne ei løysing i det komande året.

## 10. Eventuelt anna

- Vegvesenet har gitt midler i 2022 til belysning av gang og sykkelveg frå bedehuset i Øvre Vats til Aurdal

Signatur:

6009

Fredrik Engblom